

KOMMUNEREFORM PÅ NORDRE SUNNMØRE

Skisse til framdrift og prosess for
stor-kommunealternativ
26.01.2015



Turid Hanken
Rådmann
Haram kommune



Tidsplan for kommunereforma

Lokale prosessar for best muleg beslutningsgrunnlag desember 2014 – juli 2015


Behandling av forslag til framtidig kommunestruktur
aug 2015 – april 2016

Likelydande vedtak i kommunar som ønskjer å slå seg saman

Rullerende tidsplan for kommunereformen på Sunnmøre

Utkast pr 20.11.14

| | 2014 | | 2015 | | | | | | | | | | | | 2016 | | | | | | 2017 | | | | | | | | | | |
|---|------|-----|------|-----|------|-------|-----|------|------|-----|------|-----|-----|-----|------|-----|------|-------|-----|------|------|-----|------|-----|-----|-----|-------|-------|-------|-------|--|
| | Nov | Des | Jan | Feb | Mars | April | Man | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des | Jan | Feb | Mars | April | Man | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des | 1. kv | 2. kv | 3. kv | 4. kv | |
| Kommunebesøk | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Støtte til lokale prosesser | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Utredning om regionnivåets framtidige rolle | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Ekspertutvalget legger fram sluttrapport | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Dialogmøte om framtidige oppgaver | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Ufordringsnotat til kommunene | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Alle kommunestyrene behandler sak om prosess. | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Prosessvedtak skal være sendt fylkesmannen | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Stortingsmelding med forslag til nye oppgaver for kommunene leges fram. | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Stortingsmelding med forslag til nye oppgaver for kommunene behandles. | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Studietur (17. – 19. mars) | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Arena Sunnmøre 2015, vår (23.04.15) | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Arena Sunnmøre 2015, høst (26.11.15) | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Fylkesmannens tenketank | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Lokale prosesser for best mulig beslutningsgrunnlag | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Innbyggerundersøkelse | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Kommunevalg | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Politikeropplæring | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Innovasjonsprosjekt , lokale prosesser | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Innovasjonsprosjekt, studiesamlinger | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Kommunestyrene behandler forslag til framtidig kommunestruktur | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Vedtak om ny kommunestruktur skal være sendt fylkesmannen | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Fremleggelse av proposisjon med forslag til ny helhetlig kommunestruktur. | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Departementet legger frem en samlet lovproposisjon om nye oppgaver | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Stortinget behandler lovproposisjon om nye oppgaver. | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Stortinget behandler proposisjon om ny kommunestruktur | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Stortingsvalg og eventuelt ekstraordinært valg til nye kommunestyre. | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Alle nødvendige vedtak om ny kommuneinndeling skal være fattet | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |





Forventningsbrev FM

- Alle kommunar har utgreiingsplikt
 - Alle kommunar må gå gjennom ein prosess i eigen kommune og diskutere og vurdere alternative samanslåingar
- I forarbeidet er det oppfordra til å samkøyre delar av prosessen med kommunar det kan vere aktuelt å slå seg saman med
- Dette initiativet tek utg pkt i bestillinga frå FM

Mål med reforma

- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Gode likeverdige tenester til innbyggjarane
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar fleire oppgåver

Prosessen fram til juli 2015?

- Avklare kva ein ønskjer og kan forvente å oppnå med endra kommunegrenser – posisjonere eigen kommune i regionen og/ eller regionen?
- ***Kan ein stor-kommune vere eit verktøy for å oppnå meir enn ein kan få til med mange små?***
- Skaffe fram best muleg beslutningsgrunnlag i fht alle fire måla for reformprosessen, for å kunne vurdere stor-kommune på Nordre Sunnmøre som **eitt** reelt alternativ
- **Målet er å legge fram ei skisse til ein muleg modell for organisering av eit stor-kommune alternativ før ferien**

Kva er utgangspunktet?

- **Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling**

- Her finst mykje tilgjengeleg kunnskap frå tidlegare utgreiingar, statistikk og trendanalysar som peiker på behovet for betre samordning for å styrke Ålesundsregionen i framtida
- For lite heilskapleg samfunnsplanlegging og samfunnsinitiativ som bidreg til å skape ein sterkare region

- **Gode likeverdige tenester til innbyggjarane**

- Her veit vi kva vi samarbeider om i dag (NIVI-analyse m.m), kva som er «svake» ledd i dagens kommunar og ein del om utfordringane i framtida;
- Ta høgde for nye oppgåver når dei er kjent. Vi trur dei kjem...
- Kommunane har forskjellige styrker og svakheiter, ikkje berre Ålesund sit med god kompetanse – må bygge på det beste frå alle og etablere ny kommuneorganisasjon ut frå det
- Må sjå nærare på modell for fordeling av oppgåver og produksjon av tenester (sentraliserte versus desentraliserte osv)

Kva er utgangspunktet forts..

- **Berekraftige og økonomisk robuste kommunar**
 - Berekraft i eit 20-30 års perspektiv:
 - Kommunane sin eksistens er avhengig av at nokon treng tenestene våre og at vi er i stand til å levere.
 - Kjente demografiske utfordringar i regionen i dag og i framtida
 - Næringssamfunnet må vedlikehaldast og utviklast
 - Økonomi:
 - utgangspunktet er forskjellig
 - lokale verdiar må kartleggast og temaet må handterast i prosessen i lys av statlege endringssignal, overgangsordningar m.m. (BDO-rapporten)
 - www.NYKOMMUNE.NO

Kva er utgangspunktet forts..

- **Styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar fleire oppgåver**
 - Veit kva vi har, ikkje kva vi får
 - Lite klare styringssignal om framtidige oppgåver og styringsmodellar
 - Lite klare føringar for korleis ivareta nærdemokrati og den folkevalde dimensjonen i nye kommunar
 - Korleis bør dei demokratiske organa vere organisert og veljast? Dette må utgreiast i prosessen og forslag til mulege modellar bør leggest fram til vurdering.
 - Det finst forskning, utgreiingar i regi av KS og andre å ta utgangspkt i, og ein del andre regionar er i ferd med å sjå på dette spørsmålet som vi evt kan hente inspirasjon frå

Oppsummert -Kva er utfordringa?

- Det finst mykje tilgjengeleg kunnskap, analysar og materiale å bygge på.
- **Korleis sette det vi veit inn i ein samanheng der vi kan anvende kunnskapen, lære av den og gjere nytte av den som grunnlag for beslutningsprosessen?**
- *Kommunane må ta diskusjonen om kva ein vil søke å oppnå med ei eventuell kommunesamanslåing som utgangspunkt for å velge alternativ*

Det er lov å ta definisjonsmakt:

- For initiativtakarane har målet vore å starte ein prosess som tør å sjå framover og stille spørsmåla:
 - *Korleis kan kommunane best ivareta og utvikle berekraftige samfunn som stimulerer til vekst og verdiskaping i vår region i framtida, og der det er godt å leve?*
 - *Kan ein større regionkommune som inkluderer by og omland verte eit godt alternativ i den samanhengen?*
 - *Korleis bør regionkommunen i så fall «riggast» for å ivareta både by og «kommunedelar» på sikt og i overgangsperioden?*

Forslag til vegen vidare:

26.01

Kva kommunar ønskjer å vere med å utgreie eit alternativ med storkommune

Sette ned eit hurtigarbeidande ad-hoc utval med mandat om å førebu prosessen ihht . dei føringane som vert lagt i møtet (lage prosjekt- og prosessplan)

11.02?:

Alle kommunar som ønskjer å delta må ha meldt frå

Midten / slutten av februar

Nytt felles møte for kommunane som vil vere med – ad-hoc-utvalet legg fram forslag med skisse til vegen vidare med tema som bør behandlast og koordinering av prosessen

Deltakande kommunar sluttar seg til eit opplegg for vegen vidare

Ca 1. juni:

Ei skisse til korleis ein storkommune kan modellerast er klar til drøfting i felles møte og til behandling i kommunane

Nokre aktuelle tema som bør besvarast:

- Samfunnsutvikling
- Tenesteyting
- Demokrati/ politisk styring
- Myndigheitsutøving
- M.m

1.juli:

Status til Fylkesmannen